



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
24.08.2016
Dykkar dato
11.07.2016

Vår referanse
2015/10266 421.4
Dykkar referanse
14/6423

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås – Gnr. 56 bnr. 14 – Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nesfossen næringsområde

Vi viser til brev av 07.07.2016 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nesfossen.

Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for ei større utviding av akvakulturanlegget som ligg på Nesfossen i dag, med sjøvassbasert anlegg for smoltproduksjon med tilhøyrande naudsynte anlegg og infrastruktur. Utvidinga er tenkt i nordvestleg retning frå dagens anlegg og arealet er i kommuneplanen sett av til LNF-område. Det er utarbeidd planprogram og konsekvensutgreiing for det planlagde tiltaket.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen er i utgangspunktet kritisk til tiltak som ikkje er i tråd med overordna plan. Vi er likevel einig med kommunen i at ei plassering i nærleiken av eksisterande anlegg verker fornuftig. Vi oppfattar også forslaget til reguleringsplanen som godt gjennomarbeidd. Det er vurdert fleire alternativ i konsekvensutgreiinga og vi er nøgd med at alternativ 3 vert lagt til grunn for utbygginga.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens Vegvesen, Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen